

ØRSKOG HISTORIELAG:

STOR INTERESSE FOR GAMLE BILETE

Det er skikkeleg inspirerende å vere arrangør når folk møter opp! Mest 50 personar fann vegen til Kyrkjetoget sist onsdag då årets første kveldsete i regi av Ørskog historielag fann stad. Ole Øystein Nybø hadde leita i biletarkivet og funne fram eit knippe svært interessante bilete - alle frå om lag 100 år tilbake - og alle med motiv frå Ørskog.

Vi fekk vere med på 17.- maitog på Amdam og avduking av bauta på Vestre for 100 år sidan i 1914. Vi fekk glimt frå sætrelev og klippfisktørking. Mange av bileta ga oss gode innblikk i korleis bygda vår - særleg Sjøholt sentrum - har endra seg i løpet av desse åra. Vi fekk med oss nybygd Sjøholt hotell - den kjende naustrekka i sentrum, og julegrana i yngre utgåve ved Wensellelva - og mykje meir. Ole Øystein hadde namn og årstal, fotograf og andre opplysningar knytta til bileta. Han formidla det heile på ein framifrå måte. I ei slik forsamling kom det også fram supplerande opplysningar - og praten gjekk deretter livleg rundt borda.

Fleire kunne ha tenkt seg at biletserien var lenger. Det får vi ha til gode til ei anna kveldsete seinare - vi har eit rikt utval å ta av. Takk til Ole Øystein og takk for nok ein fin kveldsetekveld!
Vel møtt til årsmøte i mars og kveldseter i april og mai - og bygdevandring 25. mai.

Ragnar Bakken - sekr . ØH -